



Tore Hauge
Mykingvegen 329
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1886 - 17/18551

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.06.2017

Svar på førespurnad som gjeld utslepp - gbnr 209/12 Høyland

Lindås kommune viser til din førespurnad om utslepp frå eigedomen gbnr 209/12 Høyland.

Vi kan ikkje sjå å ha opplysningar om at det er gitt utsleppsløyve frå eigedomen i kommunen sitt arkiv. Etablering av nytt avlaupsanlegg på eigedomen krev at det vert søkt om og gitt utsleppsløyve og løyve til etablering av anlegget etter reglane i plan- og bygningslova (byggjeløyve).

Gjeldande krav til anlegg i dette området er at det stettar krava i forureiningsforskrifta til følsamt og normalt området, dvs reinsekraft tilfredstillande biologisk/kjemisk minireinseanlegg.

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål. Etablering av avlaupsanlegg krev difor at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet før utslepps- eller byggjeløyve kan gjevast.

Langs fylkesveg 397 er dei ei byggjegrense på 15 meter frå midt veg. Etablering av tiltak i strid med denne krev at det vert gitt dispensasjon også for dette forholdet. Det er kommunen som gjer vedtak i desse saken etter uttale frå Statens vegvesen.

Søknad om utsleppsløyve kan du senda inn sjølv, medan søknad om løyve til etablering av anlegget etter reglane i plan- og bygningslova må sendast inn av føretak som kan godkjennast for ansvarsrett. Vi tilrår at du tek kontakt med eit rørleggarføretak som kan bistå deg i søknadsprosessen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Mottakarar:

Tore Hauge

Mykingvegen 329 5913

EIKANGERVÅG